

**Utval:** Utval for miljø og samferdsel  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5  
**Dato:** 01.12.2016  
**Tidspunkt:** 11.00-16.30

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Synnøve Solbakken	Medlem	A	Til kl. 15.55
Atle Kvåle	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Gustav Bahus	Medlem	Frp	
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF	
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	
Nils T. Bjørke	Leiar	Sp	
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

**Følgjande medlem hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Parti
Kirsten Syljeset	Medlem	H

**Følgjande varamedlem møtte:**

Namn	Møtte for	Parti
John Torgeir Torsvik	Kirsten Syljeset	H

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjonen
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Olav Finne	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Kaisa Tonheim Banne	Rådgjevar Statens vegvesen
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 109/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 110/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 111/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 84/16	Testing og utvikling av biogasshybridbussar	2016/34297	
RS 85/16	Kvite veggjar og lys i tunnelane i Masfjorden	2016/412	
RS 86/16	Masfjordbrua - status for tekniske forprosjekt	2015/5147	
RS 87/16	Logistikknutepunkt i Bergensområdet -KS1 rapport	2014/16289	
RS 88/16	Takstsamarbeidsavtale mellom NSB og Skyss	2016/4166	
RS 89/16	Utarbeiding av biogasstrategi	2016/9781	
RS 90/16	Rapportering frå NSC Transportgruppe - Møte i Bremen 12-13. september 2016	2016/7492	
RS 91/16	Nedleggjing av billettsal på Voss, Finse og Geilo	2016/8842	
RS 92/16	Trygt heim-ordninga - status	2014/38	
RS 93/16	Låg- og nullutsleppsteknologi i vegtrafikken	2016/11173	
RS 94/16	Tiltak på Rv13 ved Berget i Ullensvang	2016/412	
RS 95/16	Nedleggjing av billettkontora på Geilo, Finse og Voss - Uttale	2016/8842	
RS 96/16	Svar på spørsmål - driftsutfordringar for Bybanen	2015/3001	
RS 97/16	Svar på spørsmål om kostnader med nye ferjekontrakter	2016/412	
RS 98/16	Svar på spørsmål om lærlingekontraktar i nye bussanbod	2016/412	
RS 99/16	Svar på spørsmål om korleis sikre tilgjengeleg kollektivtilbod til elevar	2016/412	
RS 100/16	Svar på spørsmål - korleis kan Skyss/fylkeskommunen på best mogeleg måte profilere snøggåten i Sunnhordland	2016/412	
RS 101/16	Svar på spørsmål om kva det vil kosta å ta vekk aldersgrensa på studentrabatt	2016/412	
RS 102/16	Etterslep vedlikehold haldeplassar - Svar på oversendingsforslag	2016/412	
RS 103/16	Svar på spørsmål om ferjekapasiteten på sambandet Kvanndal - Utne	2016/412	
RS 104/16	Svar på spørsmål om ferjekapasiteten på ferjesambandet Jondal - Tørvikbygd	2016/412	
RS 105/16	Oversendingsforslag frå Utval for miljø og samferdsel	2016/412	
RS 106/16	Endringar etter gjennomgang av Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune	2014/15940	
PS 112/16	Fylkesvegane i Hordaland - Plan- og byggeprogram 2017	2014/22536	
PS 113/16	Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland fram mot 2029	2015/5638	
PS 114/16	Oppgradering av Fv 218 til Horsøy - Askøy kommune	2016/34309	
PS 115/16	Klimaplan for Hordaland - Handlingsprogram 2017	2016/34157	
PS 116/16	Konkuranseutsetting av kortsiktig kontrakt for bybåtsambanda Kleppestø-Strandkaien og Knarvik-	2016/34161	

	Frekhaug-Bergen	
PS 117/16	Regional planstrategi 2016-2020 - Utviklingsplan for Hordaland - vedtak	2015/7064
PS 118/16	Bussanlegg på Stord - kjøp av tilleggsareal på ca 3,7 mål	2014/15801
PS 119/16	Innbyggjarinitiativ sak - Utbetring av krysset mellom Fv 562 og Fv 220 i Askøy	2015/1799
PS 120/16	Forslag til nytt takst og rabattsystem for Haugalandspakken - uttale	2015/12620
PS 121/16	Uttale - forslag til endringar i veglova §27 og vegtrafikkloven §7a	2016/11478
PS 122/16	Overtaking av kommunale ferjekaiar	2015/5194
PS 123/16	Ymse	

## PS 109/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016

**Utvalsleiaren** påpeikte at RS 106/16 «Endringar etter gjennomgang av Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune» burde vore lagt fram som sak.

**Stein Inge Ryssdal (H)** sakna sluttidspunkt kl. 17.00 i møteinnkallinga, jf. oppmoding i førre møte.

#### Vedtak

Innkallinga vart godkjend med merknaden over.

Saklista vart godkjend med merknaden over

## PS 110/16 Godkjenning av møtebok førre møte

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016

#### Vedtak

Møteprotokollen frå møte 03.11.2016 vart godkjend utan merknader.

## PS 111/16 Referatsaker (meldingar)

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016

I samband med RS 106/16 «Endringar etter gjennomgang av Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune» sette **Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** på vegner av KrF, SV, A, Sp, V, MDG, Frp og H fram slikt oversendingsforslag til den politiske arbeidsgruppa for delegasjonsreglementet:

1. «Jf. kommunelova § 32.  
Det bør vera utvalsleiar møte før dagsorden/sakliste vert sett eller sakene fordelt og sendt ut, slik at utvalsleiar er med og organiserer utvalsmøta.
2. Fylkestrafikksikringsutvalet har uttalerett i trafikkisikringssaker.
3. Alle miljøraker skal leggjast til utval for miljø og samferdsel (MISA), eller alternativt: MISA har eit overordna ansvar for miljøraker.»

#### Røysting

Byrknes sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

I samband med RS 89/16 «Utarbeiding av biogasstrategi» sette **Gustav Bahus (FrP)** fram slikt forslag:

««Biogasstrategi for Hordaland» skal vera ferdig til politisk handsaming innan 1. mars 2017, med mål om endeleg handsaming i junitinget.»

Utval for miljø og samferdsel slutta seg til at forslaget vart behandla og vedtok deretter samrøystes forslaget.

#### **Vedtak**

«Biogasstrategi for Hordaland» skal vera ferdig til politisk handsaming innan 1. mars 2017, med mål om endeleg handsaming i junitinget.

I samband med RS 84/16 «Testing og utvikling av biogasshybridbussar» kommenterte **Gustav Bahus (FrP)** at det hadde vore ønskjeleg at bussane kunne vorte sett inn i trafikk andre stader der det er større trafikkgrunnlag.

I samband med RS 88/16 «Takstsamarbeidsavtale mellom NSB og Skyss» spurde **Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** om forhandlingane var ferdige. Seksjonsleiar Rolf Rosenlund svarte at forhandlingane med NSB var kome i gang, og at begge partar er innstilte på å få til ei løysing. Når dette eventuelt vert iverksett, er for tidleg å seie noko om.

I samband med RS 86/16 «Masfjordbrua - status for tekniske forprosjekt» spurde **John Torgeir Torsvik (H)** om det kjem sak om problemstillinga i neste møte. Fylkesdirektør samferdsel svarte at saka enno ikkje er ferdig og at konkret tidspunkt for framlegging p.t. ikkje er klart.

I samband med RS 94/16 «Tiltak på Rv13 ved Berget i Ullensvang» bad **Jon Askeland (Sp)** om at det kjem ei avklaring for sommarsesongen. Avdelingsdirektør Olav Finne svarte at det vil verte sett i gang eit mellombels opplegg neste sommar med mobilt lyssignalanlegg. I første omgang for å sjekke om det fungerer, for eit permanent anlegg har ein kostnad på inntil 6 millionar.

## **PS 112/16 Fylkesvegane i Hordaland - Plan- og byggeprogram 2017**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2015 for Hordaland utanom Bergen og for Bergensprogrammet.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016**

Redaksjonell endring: 2015 vert endra til 2017.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2017 for Hordaland utanom Bergen og for Bergensprogrammet.

## **PS 113/16 Strategi for drift og vedlikehold av fylkesvegnettet i Hordaland fram mot 2029**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek «Strategi for drift og vedlikehold av fylkesvegnettet i Hordaland (2017-2029)».
2. Fylkestinget legg til grunn at Strategi for drift og vedlikehold av fylkesvegnettet vert eit viktig grunnlag inn i rulleringa av Regional transportplan og at oppfølging av strategien vert ein sentral del av handlingsprogrammet til RTP.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget vedtek «Strategi for drift og vedlikehold av fylkesvegnettet i Hordaland (2017-2029)».
2. Fylkestinget legg til grunn at Strategi for drift og vedlikehold av fylkesvegnettet vert eit viktig grunnlag inn i rulleringa av Regional transportplan og at oppfølging av strategien vert ein sentral del av handlingsprogrammet til RTP.

## **PS 114/16 Oppgradering av Fv 218 til Horsøy - Askøy kommune**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget ser positivt på utvikling av industriområde og nye arbeidsplassar generelt, og på Horsøy i Askøy kommune slik det framgår i denne saka.
2. Fylkestinget godkjenner Hordaland fylkeskommune sitt tilskot til prosjektet, avgrensa til 17 millionar kroner. Prosjektet har ei ramme på inntil 100 millionar kr inklusive meirverdiavgift. Tilskotet vil bli omgjort til eit fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell Askøypakke 2.
3. Fylkestinget legg til grunn at prosjektet blir tatt inn i budsjett for 2018 / 2019, og eventuelt ei mindre budsjettjustering i 2017.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtalar i samsvar med denne saka.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016**

**Gustav Bahus (Frp)** sette på vegner av Frp, H, MDG, V, KrF, Sp, A og SV fram slikt forslag:

«Endra punkt 4:

Fylkestinget godkjenner forskotteringssøknaden frå Askøy kommune på vegner av kommunen og Schlumberger Norge AS. Forskottinga er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter, og som følgjer:

- Schlumberger Norge AS: forskot 50 mill. kr. Refusjon 25 mill. kr etter 3 år og refusjon 25 mill kr etter 6 år frå ein eventuell framtidig Askøypakke 2.
- Askøy kommune: forskot 17 mill. kr. Refusjon frå ein eventuell framtidig Askøypakke 2.
- Askøy kommune har risikoen dersom Askøypakke 2 ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet fullfinansiera prosjektet ut over Hordaland fylkeskommune sitt tilskot.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Bahus sitt forslag til punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget ser positivt på utvikling av industriområde og nye arbeidsplassar generelt, og på Horsøy i Askøy kommune slik det framgår i denne saka.
2. Fylkestinget godkjenner Hordaland fylkeskommune sitt tilskot til prosjektet, avgrensa til 17 millionar kroner. Prosjektet har ei ramme på inntil 100 millionar kr inklusive meirverdiavgift. Tilskotet vil bli omgjort til eit fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell Askøypakke 2.
3. Fylkestinget legg til grunn at prosjektet blir tatt inn i budsjett for 2018 / 2019, og eventuelt ei mindre budsjettjustering i 2017.
4. Fylkestinget godkjenner forskotteringsøknaden frå Askøy kommune på vegner av kommunen og Schlumberger Norge AS. Forskotteringa er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter, og som følgjer:
  - Schlumberger Norge AS: forskot 50 mill. kr. Refusjon 25 mill. kr etter 3 år og refusjon 25 mill kr etter 6 år frå ein eventuell framtidig Askøypakke 2.
  - Askøy kommune: forskot 17 mill. kr. Refusjon frå ein eventuell framtidig Askøypakke 2.
  - Askøy kommune har risikoen dersom Askøypakke 2 ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet fullfinansiera prosjektet ut over Hordaland fylkeskommune sitt tilskot.

## PS 115/16 Klimaplan for Hordaland - Handlingsprogram 2017

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2017.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling årleg gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte kutt i klimagassutslepp frå eiga verksemd og i fylket generelt.
6. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen skal vurdere klimarelevans og -konsekvens i sakshandsaminga.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen informere i eiga sak om den fylkeskommunale innsatsen for, og andre relevante initiativ knytt til hydrogen innan sektorane samferdsel, energi og næring. Vidare ber Fylkestinget administrasjonen om å vurdere og foreslå korleis fylkeskommunen kan arbeide strategisk og heilskapleg vidare med hydrogen.
8. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere korleis bioøkonomi og grøn økonomi kan definerast nærare og konkretiserast for Hordaland.
9. Fylkestinget merker seg at utsleppa frå 7 kvotepliktige industriverksemdar står for nesten 60 % av alle utsleppa frå Hordaland. Fylkestinget er bekymra for at reduksjonen i utsleppa deira ikkje skjer raskt nok til å nå måla. Fylkestinget ber om informasjon frå verksemdene om kva dei kan og vil gjere for å redusere sine utslepp.

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slikt forslag:

«Tillegg:

Generelt

Klimaplanen skal leggest til grunn for andre regionale planar i Hordaland. På denne bakgrunnen er det naudsynt at Klimaplanen og handlingsprogrammet vert lagt inn som faste postar i møteplan og sakshandsaminga til utval for miljø og samferdsel gjennom heile året slik at miljø- og klimautfordringane vert belyste og ivaretekne i samsvar med dei fullmaktene utvalet har.

Fylkestinget syner til den nasjonale satsinga på bioøkonomi som omfattar berekraftig, effektiv og lønsam produksjon, uttak og utnytting av fornybare biologiske ressursar til mat, fôr, ingrediensar, helseprodukt, energi, materialar, kjemikaliar, papir, tekstilar og andre produkt.

Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Klimaplanen og handlingsprogrammet vert prioritert å utarbeida ein strategi for bioøkonomi i Hordaland i samsvar med den nasjonale strategien.

Som ein del av denne strategien skal fylkeskommunen:

- Ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å kartleggja potensialet for auka produksjon av biodrivstoff i Hordaland
- Vere ein pådrivar for at bruk av biogass skal verte eit reelt alternativ for aktørar i transportbransjen
- Ta initiativ til eit samarbeid med kommunar og verksemder om å stilla krav om nullutslepp for transportørar som skal utføra oppdrag og leveransar
- Medverka til at det vert bygd infrastruktur for biodrivstoff
- Stilla krav om auka bruk av biogass i nye kollektivkontraktar

Det vert vidare synt til tiltak 5.17 Klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt.

Dette tiltaket skal prioriterast i handlingsprogrammet for 2017. Utval for miljø og samferdsel får ei sak der ein gjer greie for korleis krav om «Klima- og miljøbudsjett for alle store utbyggingsprosjekt i vegsektoren» kan gjennomførast.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

- Fylkestinget ber om framlegg til milepælar for redusert utslepp av klimagass og lokal luftforureining for kvart andre år frå 2017 fram til 2025.
- Fylkestinget ber om at all planlegging av rullebane 2 på Flesland vert stoppa.
- Fylkestinget ber regjeringa komme med et nedskalert framlegg til E39 med sikte på sikker to-feltsveg med gode alternativ for gåande og syklende.»

**Gustav Bahus (Frp)** sette fram slik protokollmerknad:

«I møtet 01.12.2016 stemmer Frp mot alle tillegg og jobbar med dette fram mot fylkesutvalet og fylkestinget.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Rasmussen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, Frp).

Hammer sitt forslag, første kulepunkt vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, Frp).

Hammer sitt forslag, andre kulepunkt fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.  
Hammer sitt forslag, tredje kulepunkt fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2017.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling årleg gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte kutt i klimagassutslepp frå eiga verksemd og i fylket generelt.
6. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen skal vurdere klimarelevans og -konsekvens i sakshandsaminga.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen informere i eiga sak om den fylkeskommunale innsatsen for, og andre relevante initiativ knytt til hydrogen innan sektorane samferdsel, energi og næring. Vidare ber fylkestinget administrasjonen om å vurdere og foreslå korleis fylkeskommunen kan arbeide strategisk og heilskapleg vidare med hydrogen.
8. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere korleis bioøkonomi og grøn økonomi kan definerast nærare og konkretiserast for Hordaland.
9. Fylkestinget merker seg at utsleppa frå 7 kvotepliktige industriverksemder står for nesten 60 % av alle utsleppa frå Hordaland. Fylkestinget er bekymra for at reduksjonen i utsleppa deira ikkje skjer raskt nok til å nå måla. Fylkestinget ber om informasjon frå verksemdene om kva dei kan og vil gjere for å redusere sine utslepp.
10. Generelt  
Klimaplanen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland. På denne bakgrunnen er det naudsynt at Klimaplanen og handlingsprogrammet vert lagt inn som faste postar i møteplan og sakshandsaminga til utval for miljø og samferdsel gjennom heile året slik at miljø- og klimautfordringane vert belyste og ivaretekne i samsvar med dei fullmaktene utvalet har.

Fylkestinget syner til den nasjonale satsinga på bioøkonomi som omfattar berekraftig, effektiv og lønsam produksjon, uttak og utnytting av fornybare biologiske ressursar til mat, fôr, ingrediensar, helseprodukt, energi, materialar, kjemikaliar, papir, tekstilar og andre produkt.

Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Klimaplanen og handlingsprogrammet vert prioritert å utarbeida ein strategi for bioøkonomi i Hordaland i samsvar med den nasjonale strategien.

Som ein del av denne strategien skal fylkeskommunen:

- Ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å kartleggja potensialet for auka produksjon av biodrivstoff i Hordaland
- Vere ein pådrivar for at bruk av biogass skal verte eit reelt alternativ for aktørar i transportbransjen
- Ta initiativ til eit samarbeid med kommunar og verksemder om å stilla krav om nullutslepp for transportørar som skal utføra oppdrag og leveransar
- Medverka til at det vert bygd infrastruktur for biodrivstoff



- Stilla krav om auka bruk av biogass i nye kollektivkontraktar

Det vert vidare synt til tiltak 5.17 Klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt.

Dette tiltaket skal prioriterast i handlingsprogrammet for 2017. Utval for miljø og samferdsel får ei sak der ein gjer greie for korleis krav om «Klima- og miljøbudsjett for alle store utbyggingsprosjekt i vegsektoren» kan gjennomførast.

11. Fylkestinget ber om framlegg til milepælar for redusert utslepp av klimagass og lokal luftforureining for kvart andre år frå 2017 fram til 2025.

#### **Protokollmerknad frå Frp**

I møtet 01.12.2016 stemmer Frp mot alle tillegg og jobbar med dette fram mot fylkesutvalet og fylkestinget.

## **PS 116/16 Konkurranseutsetting av kortsiktig kontrakt for bybåtsambanda Klepepestø-Strandkaien og Knarvik-Frekhaug-Bergen**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjere konkurranse om drift av bybåtsambanda i Bergen i tråd med tilrådingane i saka.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele og signere kontrakt med vinnaren av konkurransen.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016**

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2:

Fylkesutvalet ønskjer primært at kapasitetsauken vert gjennomført med eit kapasitetskrav pr. time i rush og at dette løysast med mindre fartøy kvar 15. minutt, så framt dette er marknadsmessig konkurransedyktig.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjere konkurranse om drift av bybåtsambanda i Bergen i tråd med tilrådingane i saka.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele og signere kontrakt med vinnaren av konkurransen.

## **PS 117/16 Regional planstrategi 2016-2020 - Utviklingsplan for Hordaland - vedtak**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkesting vedtar i medhald av plan- og bygningsloven § 7-1 Regional planstrategi 2016-2020 – Utviklingsplan for Hordaland slik som går fram av vedlegg 1 til denne saka.
2. Framdriftsplan og føringar for regional planlegging kan justerast i pakt med vedtak som blir fatta om Vestlandsregionen regionalt og nasjonalt.
3. Fylkesutvalet skal ha årleg melding om framdrift i arbeidet med gjennomføring av Regional planstrategi 2016-2020. Nøkkeltal om utviklingstrekk skal oppdaterast laupande og vera grunnlag for å vurdera status for berekraftig utvikling.

4. Regional planlegging skal vera ein viktig reiskap for regional samfunnsutvikling. Regional planlegging skal vera del av eit overordna styringssystem med felles retningslinjer for prosess, innhald og iverksetjing i tråd med gjeldande delegasjonsreglement. Følgjande prinsipp skal leggast til grunn:

- Fylkestinget skal vedta to plantypar:  
Regionale planar i medhald av plan- og bygningslova  
Temaplanar i medhald av sektorlov eller kommunelov
- Planperioden skal normalt vera 12 år for plan og 4 år for handlingsprogram til plan.
- Fylkesutvalet skal ha overordna ansvar for planarbeid i fylkeskommunen
- Planarbeid skal leiast av politiske organ i fylkeskommunen
- Planarbeid skal ha stor grad av ekstern medverknad og kommunane skal ha brei representasjon i arealretta planar.
- Planar skal ha ein gjennomgåande felles struktur der mål og handlingsprogram er obligatoriske element.
- Effektiv iverksetjing av regionale planar skal sikrast gjennom synleg prioritering i interne strategiar, budsjett og rapporteringssystem.
- Framdrift i arbeidet og iverksetjing skal rapporterast årleg til det utvalet som har fått ansvar for å fylgja iverksetjinga i regional planstrategi.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å konkretisera desse overordna føringane og leggja utfyllande retningslinjer fram for fylkesutvalet i eiga sak etter vedtak av planstrategien

5. Fylkeskommunen vil i perioden 2016-2020 ha følgjande planar under arbeid. Ansvar for framdrift i arbeidet er lagt til det utvalet som går fram av tabellen.

Namn	Ny	Revi- sjon	Utval
MÅL: Høg sysselsetjing			
Regional næringsplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	X		Fylkesutvalet
MÅL: Klima- og miljøvenleg utvikling			
Regional transportplan		X	Miljø og samferdsel
Regional plan for godshamn i Bergensområdet	X		Miljø og samferdsel
Regional klima- og energiplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for vassregion Hordaland		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar	X		Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for kraftutbygging		X	Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for Hardangervidda		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal og transport i Bergensområdet	X		Fylkesutvalet
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	X		Fylkesutvalet

#### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkesting vedtar i medhald av plan- og bygningslova § 7-1 Regional planstrategi 2016-2020 – Utviklingsplan for Hordaland slik som går fram av vedlegg 1 til denne saka.
2. Framdriftsplan og føringar for regional planlegging kan justerast i pakt med vedtak som blir fatta om Vestlandsregionen regionalt og nasjonalt.
3. Fylkesutvalet skal ha årleg melding om framdrift i arbeidet med gjennomføring av Regional planstrategi 2016-2020. Nøkkeltal om utviklingstrekk skal oppdaterast laupande og vera grunnlag for å vurdera status for berekraftig utvikling.
4. Regional planlegging skal vera ein viktig reiskap for regional samfunnsutvikling. Regional planlegging skal vera del av eit overordna styringssystem med felles retningslinjer for prosess, innhald og iverksetjing i tråd med gjeldande delegasjonsreglement. Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn:
  - Fylkestinget skal vedta to plantypar:  
Regionale planar i medhald av plan- og bygningslova  
Temaplanar i medhald av sektorlov eller kommunelov
  - Planperioden skal normalt vera 12 år for plan og 4 år for handlingsprogram til plan.
  - Fylkesutvalet skal ha overordna ansvar for planarbeid i fylkeskommunen
  - Planarbeid skal leiast av politiske organ i fylkeskommunen
  - Planarbeid skal ha stor grad av ekstern medverknad og kommunane skal ha brei representasjon i arealretta planar.
  - Planar skal ha ein gjennomgåande felles struktur der mål og handlingsprogram er obligatoriske element.
  - Effektiv iverksetjing av regionale planar skal sikrast gjennom synleg prioritering i interne strategiar, budsjett og rapporteringssystem.
  - Framdrift i arbeidet og iverksetjing skal rapporterast årleg til det utvalet som har fått ansvar for å fylgja iverksetjinga i regional planstrategi.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å konkretisera desse overordna føringane og leggja utfyllande retningslinjer fram for fylkesutvalet i eiga sak etter vedtak av planstrategien

5. Fylkeskommunen vil i perioden 2016-2020 ha følgjande planar under arbeid. Ansvar for framdrift i arbeidet er lagt til det utvalet som går fram av tabellen.

Namn	Ny	Revisjon	Utval
MÅL: Høg sysselsetjing			
Regional næringsplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	X		Fylkesutvalet
MÅL: Klima- og miljøvenleg utvikling			
Regional transportplan		X	Miljø og samferdsel
Regional plan for godshamn i Bergensområdet	X		Miljø og samferdsel
Regional klima- og energiplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for vassregion Hordaland		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar	X		Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for kraftutbygging		X	Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for Hardangervidda		X	Fylkesutvalet

Regional plan for areal og transport i Bergensområdet	X		Fylkesutvalet
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	X		Fylkesutvalet

## **PS 118/16 Bussanlegg på Stord - kjøp av tilleggsareal på ca 3,7 mål**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av eit tilleggsareal på ca. 3,7 mål av gnr. 27 bnr. 868 i Stord kommune for kr. 1.250 pr. m2.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av eit tilleggsareal på ca. 3,7 mål av gnr. 27 bnr. 868 i Stord kommune for kr 1.250 pr. m2.

## **PS 119/16 Innbyggjarinitiativ sak - Utbetring av krysset mellom Fv 562 og Fv 220 i Askøy**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget ser at det er utfordringar for trafikktryggleiken i dette krysset, og at det gjev grunnlag for opplevd utryggleik.
2. Utbetring av dette krysset kan vera aktuelt som eit prosjekt i ein eventuell revidert Askøypakke, eller i eit framtidig Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016**

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til neste møte fordi saka først bør behandlast i fylkestrafikksikringsutvalet.»

### **Røysting** (forslaget om utsetjing)

Det var 14 representantar til stades.

Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Saka vert utsett til neste møte fordi saka først bør behandlast i fylkestrafikksikringsutvalet

### **Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 30.11.2016**

### **Vedtak**

1. Fylkestinget ser at det er utfordringar for trafikktryggleiken i dette krysset, og at det gjev grunnlag for opplevd utryggleik.
2. Utbetring av dette krysset kan vera aktuelt som eit prosjekt i ein eventuell revidert Askøypakke, eller i eit framtidig Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen.
3. Fylkestinget ber om at fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) får ei tilbakemelding om det er strakstiltak

som kan gjennomførast no.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016**

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Fylkestinget ber om at utval for miljø og samferdsel (MISA) får ei sak om moglege strakstiltak, kva nytte dei kan gje, kostnad, finansiering og framdrift.»

Utvalsleiaren bad om redaksjonell endring i forslaget til innstilling punkt 2: «revidert Askøypakke» vert erstatta av «Askøypakke 2».

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget ser at det er utfordringar for trafikktryggleiken i dette krysset, og at det gjev grunnlag for opplevd utryggleik.
2. Utbetring av dette krysset kan vera aktuelt som eit prosjekt i ein eventuell Askøypakke 2, eller i eit framtidig Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen.
3. Fylkestinget ber om at utval for miljø og samferdsel (MISA) får ei sak om moglege strakstiltak, kva nytte dei kan gje, kostnad, finansiering og framdrift.

## **PS 120/16 Forslag til nytt takst og rabattsystem for Haugalandspakken - uttale**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget i Hordaland støttar fylkestinget i Rogaland si tilråding om justert takst- og rabattsystem i Haugalandspakken, slik at bompengetaksten vert sett til kr. 22 for køyretøy i takstgruppe 1, og til kr. 44 for kjøretøy i takstgruppe 2, der vert gjeve 20 pst. rabatt for takstgruppe 1 føresetta gyldig AutoPASS-avtale og- brikke.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget i Hordaland støttar fylkestinget i Rogaland si tilråding om justert takst- og rabattsystem i Haugalandspakken, slik at bompengetaksten vert sett til kr. 22 for køyretøy i takstgruppe 1, og til kr. 44 for kjøretøy i takstgruppe 2, der vert gjeve 20 pst. rabatt for takstgruppe 1 føresetta gyldig AutoPASS-avtale og- brikke.

## **PS 121/16 Uttale - forslag til endringar i veglova §27 og vegtrafikkloven §7a**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet støttar forslaga i høyringsnotatet om endringar i §27 i veglova og fjerning av §7a i vegtrafikklova. Fylkesutvalet er særleg nøgd med at det det no vert foreslått å gje heimel for å kunna miljødifferensiere bompengetakstane i byområda og at inntekter frå beredskapstakstane kan nyttast til tiltak for å få ned trafikken i perioden det gjeld.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet støttar forslaga i høyringsnotatet om endringar i § 27 i veglova og fjerning av § 7a i vegtrafikklova. Fylkesutvalet er særleg nøgd med at det det no vert foreslått å gje heimel for å kunna miljødifferensiere bompengetakstane i byområda og at inntekter frå beredskapstakstane kan nyttast til tiltak for å få ned trafikken i perioden det gjeld.

## **PS 122/16 Overtaking av kommunale ferjekaiar**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen tek over eigarskapet til dei kommunale ferjekaiane på Fjelbergøy, Borgundøy, Lerøy og Bjelkarøy.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen tek over eigarskapet til dei kommunale ferjekaiane på Fjelbergøy, Borgundøy, Lerøy og Bjelkarøy.

## **PS 123/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016**

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 112-113/16, 115-122/16, 114/16.

### **Endra møtedato for februarmøtet 2017**

Utval for miljø og samferdsel endra møtedatoen frå 8. og 9. februar 2017 til 7. og 8. februar 2017.

Fylkestrafikksikringsutvalet har møte 7. februar 2017. Dette utvalet må difor flytte sitt møte.

## **ORIENTERINGAR**

Styreleiar Toralv Mikkelsen og dagleg leiar Børge Skådal orienterte om **Odda vegfinans AS**.

### **Nytt frå Skyss v/Oddmund Sylta**

- Orienterte om havaria til «Fedjefjord» og «Utne»
- Kritisk ferjekapasitet på grunn av uhell og havari
- Sambandet Kvandal-Utne hadde berre ein attståande i førre veke.
- Sykkel-VM – konsekvensar for kollektivtransporten og den generelle framkomsten i byen
- Zero sin klimapris for beste lokale klimatiltak

### **Nytt frå Statens vegvesen v/Olav Finne**

Problemstillingar knytt til salting av vegar ved ustabile ver- og føreforhold.

- Ulukke på Bolstad 30.11.2016
- Konklusjonane i evalueringsrapporten etter massekollisjon på Eidsvåg 22.02.2015

## INNSENDE SPØRSMÅL

**Marthe Hammer (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål (a):

### «Kapasitetsauke Kleppestø-Strandkaien

Det er vedvarande frustrasjon over kapasitetsutfordringane på båtsambandet Kleppestø - Strandkaien. Det er ikkje tilstrekkelig med kapasitetssauke først i 2018.

1. Kva må til for å kunne auke kapasiteten på sambandet i 2017?.
2. Kva vil ein auka kapasitet koste?»

Direktør Oddmund Sylta svarte at det ikkje er høve til å gjere om kontrakten med operatøren. Anskaffelsesregelverket vert endra frå årsskiftet. Når dette er på plass, vil ein vurderer tiltak.

**Synnøve Solbakken (A)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

### «Rutepakke 2: Tingingar og moglege konsekvensar

No er tilbudsfristen for rutepakke 2 ute, og dette er jo som kjend den pakken som omfattar ferjesamband i og til og frå Kvinnherad. For vår kommune (mrk: Kvinnherad) er det svært viktig at det som vert inngått av nye kontraktar sikrar oss eit godt tilbud som er betre enn det vi har i dag. Sjølv sagt er miljø vesentleg, men dette må ikkje gå på kostnad av frekvens og regularitet.

Vi ser med uro på dei konsekvensar av ny miljøteknologi som er omtalt i media. Tysnes kommune kan, etter det eg forstår, mista over 80 ferjeavgangar i veka som følge av batteridrift på ferjer. Vi er ikkje kjend med om dette er reelle tal, men vi registrerer diskusjonen. Vi er svært uroa for om tingingar om rutepakke 2 kan medføre slike eventuelle konsekvensar for vår kommune også.

Eg ber difor om at Skyss i tida framover held oss orientert om moglege konsekvensar av rutepakke 2. Vi ville setja svært stor pris på om Skyss kunne gjere greie for kva scenario som ligg der når de no går i gong med tingingane med tilbydarane.»

Direktør Oddmund Sylta bad om forståing for at han ikkje kan kommentere konkurransegrunnlaget og forhandlingane om rutepakke 2. I utgangspunktet gjeld rutetabellen som ligg i konkurransegrunnlaget, men endeleg rutetabell vil ikkje vere klar før i 2019.

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Viser til ulike oppslag i media, og tidlige spørsmål og diskusjon i utvalget, vedrørende de sanitære forholdene for bussjåførene i Hordaland. Hva gjøres for å bedre situasjonen?»

Administrasjonen vil kome tilbake med svar.

**Marthe Hammer (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål (b):

### «Innfartsparkering

Viser til innsendt spørsmål i fylkesutvalet frå Aud Karin Oen (SV) :

«Nye krav til oblat på fylket sine innfartsparkeringar hindrar no sykkelpendlarar frå Sotra frå å setja frå seg bilen på Storavatnet og Straume og sykla vidare til jobb i Bergen.

Fylkeskommunen har fjerna høvet for pendlarar frå bygdene på Sotra til å parkera på Straume og sykla vidare til byn. Frå 1. november av tok dei og vekk det alternativet ein hadde på Storavatnet.

Alle planar og vedtak både nasjonale, fylkeskommunale og kommunale seier at veksten i reiser skal takast med kollektiv, sykkel og gange. (NTP, klimaplan, RTP, osv.)

Kva er årsaka til dette? Når og korleis kan dette ordnast opp i?

<http://www.vestnytt.no/aktuelt/Jobbsyklistar-stengd-ute-fra-pendlarparkering-531383.html>»

Fylkesordføreren svarte slik:

«11. mars 2015 vedtok fylkestinget i Hordaland strategi for innfartsparkering, der det heiter at etablering av innfartsparkeringsplassar er «eit av fleire verkemiddel som skal bidra til å nå dei nasjonale og regionale måla for kollektivtrafikken.» Målet med å tilby slik parkering er å auke talet på kollektivreisande.

For å ivareta dette målet er dei mest populære plassane for innfartsparkering berre opne for reisande med periodebillett og parkeringsoblat.

På Storavatnet vart det grunna utfordringar med kapasiteten innført oblatordning frå og me 1. november 2016, denne parkeringsplassen er såleis ikkje lenger tilgjengeleg for dei som vil parkere og sykle vidare.»

Nytt spørsmål til samferdsledirektøren:

Det ser ut som at ein her har lagt seg på ei veldig streng og lite fleksibel linje.

Kva for muligheiter finnes for å kunne gjere innfartsparkeringa tilgjengeleg for syklistar?»

## **SPØRSMÅL LAGT FRAM I MØTET**

**Stein Inge Ryssdal (H)** stilte slikt spørsmål:

### **«Innfartsparkering**

Mange innfartsparkeringsplasser står ubenyttet gjennom dagen. For å bedre utnyttelsen kunne det tenkes at andre fikk benytte disse plassene. Samtidig er det et viktig prinsipp at reisende med periodekort har prioritet.

Kan det være formålstjenlig om oblatkrav bare gjelder i en kortere periode, før f.eks. 12.00 på hverdager? Kan dette evt. gjennomføres som forsøk på noen steder?»

**Gustav Bahus (Frp)** stilte slikt spørsmål:

### **«Innfartsparkering**

Ber om en status på innfartsparkeringsframdriften og Hordaland fylkeskommune sitt arbeid opp mot omegnskommunene.»

Administrasjonen vil kome tilbake med svar på spørsmåla om innfartsparkering frå Hammer, Ryssdal og Bahus.

**Gustav Bahus (Frp)** stilte slikt spørsmål:

«Hvordan er kravene vi stiller til kjøre- og hviletider til våre operatører på buss? Bakgrunnen er at en ser sjåførbytte v/bruk av EL-bil. Er hviletiden i EL-bil?»

Administrasjonen vil kome tilbake med svar.